

Dato: 10. mai 2019

Vår referanse: MJ

Vår sakshandsamar:  
Marianne Jevnaker

Dykkar referanse:

Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
Hovudutval for opplæring

### **ViteMeir - Vitensenteret i Sogn og Fjordane – Rammeavtale om bruk**

Vi viser til møtet med Tor-Einar Holvik Skinlo 10.12.18 der rammeavtale for dei vidaregåande skulane sin bruk av ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane, var tema. Fylkestinget har no vedteke nybygg på Kaupanger som skal romme linje for transport og logistikk ved Sogndal vgs, samt vitensenter. Nye Sogndal kommune har vedteke rammeavtale om bruk med ViteMeir, og fleire andre kommunar har positive tilrådingar til ein slik rammeavtale med forventa politiske vedtak i mai/juni 2019.

Vi har henta inn opplysningar frå andre vitensenter der det framgår at fylkeskommunane og kommunane spelar ei sentral rolle både i bruks- og driftsfinansiering. Avtale med fylkeskommunen er også ein premis i søknad om statleg stønad til senteret (sjå vedlegg).

Vi meiner at det er rett alt no å få på plass avtale om bruk med dei vidaregåande skulane i fylket. Det er naturleg at det skjer samla, i regi av opplæringsavdelinga. Skulane vil då vere kjent med korleis dei kan nytte senteret alt frå starten, og kan planlegge skuleåret utifrå det. Vi møter gjerne dei einingane det gjeld i fylkeskommunen for å drøfte dette nærare.

Vedlagt finn de utkast til rammeavtale mellom fylkeskommunen og senteret gjeldande frå skuleåret 2020/21.

Mvh



Tor Arne Ness  
Styreleiar, ViteMeir



Marianne Jevnaker  
Prosjektleder, ViteMeir

Kopi til:

Bekka Skaasheim, fylkesdirektør for opplæring

Tor-Einar Holvik Skinlo, ass. fylkesdirektør for opplæring

Vedlegg:

- Retningslinjer for fordeling av driftsmidler til de regionale vitensentrene